


2018

Årsmelding Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



Frå avdelinga si blodsporprøve på Eid som også var regionmesterskap i NKK NV. Regionmester blodspor 2018 vart Aksel Myklebust med Lykkehundens Ballint.



Avdelinga i tal - Rapport til NSK:

Medlemmer:	46 (46+3+1)	-3 frå 2017	Diverse:
Møter:	Tal arrangem.:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøte:	7	4	Møta har vore på skype. Alle referat er lagt ut på heimesida.
Medlemstreff/møte:	5	8 medlemmer + 2 andre	April: Eid rally + apport Juni: 2 x Luster trening jaktanlegg/apport
Årsmøte/Aktivitetsdag:	1	9 medlemmer + 1 gjest	Fagleg tema var kvardagslydighet
Arrangement:	Tal arrangem.:	Tal startar/ Medlemmer i avd.	
Utstilling + valpeshow:	1	Ac 1+1, c 9, cl 1, es 13+4, = 24+4 18 frå avdelinga	Arrangør: Førde BHK
Valpeshow + match show:	1	2+4 – alle frå avdelinga	Arrangør: NKK NV
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	1	6 starta, 5 frå avd.	1 x ord
Jaktanlegg:	1	3 starta, 2 frå avd.	1 x ord
Ferskspor - bevegeleg:	1	10 påmeldt, 1 frå avdeling	Bevegeleg prøve
Blodspor:	4	Eid 1: 14 - 8 spaniels, 6 frå avd. Eid 2: 12 - 7 spaniels, 5 frå avd. Årdal: 11 - 4 spaniels, 2 frå avd. Bevegeleg: 18 - 3 frå avd	Bevegeleg prøve + 3 x ordinær
Rallylydighet	2	Årdal 1: 44 totalt - 7 spaniels Årdal 2: 44 totalt - 8 spaniel 6 + 7 spaniels frå avdelinga	
Kurs:	1	7 – 6 spaniels – 5 frå avd	Konkurransekurs lydighet/rallylydighet

Kontakt med medlemmene:

Utsendt medlemsinfo		Jan: Årsmøtepapir sendt på e-post April, juli, nov og des: e-post med medlemsinfo	
Våre Spaniels		Spalte i kvart nummer	
Heimeside		Prøver å oppdatere jamleg med både info og bilde.	
Facebook		Hyppige oppdateringer. Har 314 «følgere» ved utgangen av året mot 262 i fjor og 222 i forfjor	
Økonomi:	På konto 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	Kr 84.312	+ 15.256	Overskotet er i realiteten betydeleg mindre då me har ein del rekningar frå 2018 som kjem i 2019 rekneskapan.

Andre nøkkellopplysningar/tal:

Dommarar knytta til avdeling:	Tal:	
Ettersøk (blod/fersk)	5	Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotilaug, Eid Under utdanning: Morten Norheim, Luster
Jakt/JAL	1	Inger Handegård
Appellmerkeprøve LP	3	Inger Handegård, Laila Røneid, Linn Didriksen Solsvik
Instruktørar:		
	3	Inger Handegård (NKK trinn 2 jakt, rallylydighet) Laila Irene Røneid og Linn Didriksen Solsvik (NKK trinn 1)
Oppdrettarar med kennelnamn:		
	4	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane



Laila Hilde Inger Torhild Per Ståle

Styret har for 2018 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal

Vald 2018 for 2 år

Nestleiar: Hilde Rotihaug, Nordfjordeid

Vald 2017 for 2 år

Styremedlem: Inger Handegård, Luster
1. vara/Torhild Ulvesæther

Vald 2018 for 2 år Er også leiar BK og BK-kontakt
Vald 2018 for 1 år

Kasserer: Per Ståle Vågene, Flora

Vald 2018 for 1 år Er også jaktkontakt

Internettansvarleg: Inger Handegård

Vald 2018 for 1 år

Revisor: Frank Fardal, Sogndal

Laila Røneid, Hilde Rotihaug

Vara:

Inger Handegård og Torhild Ulvesæther

Valnemnd:

Valnemnda klarte ikkje å finne fleire kandidatar til valnemnda så styret fekk fullmakt på årsmøtet til å hjelpe til med å finne aktuelle nye styrekandidatar til neste årsmøte.

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

RS-18 Ingen frå avdelinga fekk dessverre anledning å reise.

Årsmøte i NKK nordvestlandet: Inger og Hilde representerte avdelinga i møtet på Eid.



Årsmøte på Skei hotell 17 februar

Det møtte 9 medlemmer med stemmerett + ein gjest. Det var medlemmer frå heile fylket som møtte. Som vanleg var årsmøtet fort unnagjort. Styret stilte med premiar til utlodding og alle kunne reise heim med minst ein gevinst! Kjøpsviljen på lodd var også STOR! Takk til styret som alle sa ja til gjenvall. Sekretær/styremedlem Inger Handegård fekk ei lita helsing då ho for ikkje lenge sidan runda 60 år. Det vart delt ut premie og gratulasjon til årets hund. Dette året hadde me ingen debutantar å premiere. Etter årsmøtet var det lunsj på hotellet.

I tillegg til årsmøte var det ope medlemsmøte med fagtema og aktivitetsdag. Det møtte 9 medlemmer + to gjester. Fagtema var familiehunden, kvardagslydighet, pelsstell og litt om spor. Me hadde håp om

at me denne gongen hadde tema som fengja fleire spanieleigarar, men det viste seg at alle som møtte hadde engelsk springer spaniel. Me fekk ha med unghund inn på møterommet for å vise korleis jobbe med kontakt-trening. Tida gjekk alt for fort!

Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

Me prøver å oppdatere heimesida regelmessig. Facebooksida vert brukt hyppig til ting med kortare varigheit og påminningar, treningstips og anna informasjon. I januar sendte me årsmøtepapir ut til alle medlemmene. Det har vore sendt ut fleire e-postar til medlemmene i løpet av året med nyttig informasjon og invitasjon til prøvar, konkurransar ol. Det er nokre få medlemmer som ikkje har registrert/registrert feil E-post adresse på Min side hjå www.nkk.no. Me prøver å passe på at alle nye medlemmer får ein velkomst e-post med litt praktisk informasjon og lenker, ikkje så alt for lenge etter at dei melder seg inn, men det vart nokre gleppar her hausten 2018.

Styremøte og komitemøte:

Styremøte på skype i januar, februar, april, juni, september, oktober og november. I tillegg mindre komitemøte i samband med prøvar og det har vore mykje diskusjon på FB-gruppa til styret.

Økonomi:

Året gav eit overskot grunna stor aktivitet og fordi ein del utgifter som hører til aktivitetet i 2018 vert betalt i 2019 og som dermed kjem som utgift i 2019 rekneskapen. Sjå rekneskap.

Høyringar:


Norsk Spaniel Klub ved hovedstyret har oppretta ei arbeidsgruppe som skal utrede om dagens jaktanleggsprøve bidreg til å nå måla om auka fokus på spaniels som jakthundar. Dei ynskjer innspele på tiltak som kan bidra til at fleire startar på jaktanleggsprøve. Styret i avdeling Sogn og Fjordane har utarbeida dette spørjeskjemaet for å høre medlemmane si mening om denne prøven. Grunna stor interesse frå andre avdelingar tok S og Fj på seg å samle inn høyringssvar også for andre avdelingar. Svarfristen var 20. august. Det kom totalt inn 111 svar på spørjeundersøkinga om jaktanleggsprøve for spaniels. 7 av desse var frå vår avdeling. Oversikt over alle innspela vart sortert og oversendt HS/arbeidsgruppa.

Vidaregåande kurs i LP og rally på Kaupanger i januar

Alle medlemmer var invitert til kurset og ledige plassar vart fylt opp av andre. Det var med 7 med hund pluss 1 observatør, 6 spaniels (alle springere) og 1 blandingshund og 7 medlemmer var med. Instruktør var Hilde Ulvatne Martinsen – som er NKK trinn 3 instruktør. Yngste firbeinte deltakar var 5 månader medan eldste var snart 8 år. Me leigde ridehallen og storkosa oss på eit lærerikt, men kaldt kurs.



Påske- "fotokonkurransen"
I påsken oppfordra me medlemmene våre til å sende inn påskebilde av hundane. Alle som sendte inn bilde fekk eit "lodd" og gevinsten var ei Canelana ullseng. Vant gjorde Sissel Ytre-Eide.



Dobbelt rallystevne i Årdal 14 og 15 april

Å ha stevne på våren var eit nytt forsøk. På årets stevne starta det 32 + 32 hundar – mot 45 + 46 året før. Av dei påmeldte var det totalt 10 ulike spaniels – ni springere og ein amerikaner. 8 av dei var frå avdelinga. Hundane gjekk i klasse 1, 2, 3 og elite.

Dommar Kirsti Khars var ein svært behageleg dommar å gå for, og det var tre spaniels som gjekk til 1. premie laurdag (2 i klasse 1 og ein i elite) og ein søndag i elite – noko som også gav oss ein ny champion. Nye reglar med bl.a. høve til repetisjon gav færre disk i eliteklasse enn tidlegare år – noko som var kjekt! På søndagen var det heile fem springere i eliteklasse og ingen av dei diskia.

I år kåra me beste spaniel totalt – dvs. høgaste poengsum + 3 p pr klasse vart teljande. Vant gjorde nybakt rallylydighetschampion NORDVCH NRLCH BH Zelfas Ariel til Laila Røneid. Me takkar alle som gav oss flotte premiar til dette stevnet.

Beste spaniel på dobbelt rallystevne og regionmesterskap i NKK NV i Luster i mai

Arrangør av stevnet var Luster hundeklubb, men då det var påmeldt heile 13 spaniels på dette stevnet gjorde styret (før påmeldingsfristen gjekk ut) vedtak om å setje opp gávepremie til beste spaniel samanlagt på dette stevnet. Vant gjorde Elin Sparre Pedersen avd. Hordaland, med Zelfas Batgirl (Milli) som gjekk til 200 av 200 poeng i elite. Premien var ei stor Canelana seng.

Det starta heile 8 spaniels frå avdelinga starta på regionmesterskapet – men ingen vart regionmeister.



Regionmesterskap i rally, lydighet og agility i regi av NKK Nordvestlandet

Regionmesterskapet i LP og AG var i samband med NKK-Ålesund. Ingen hundar frå avdelinga starta. Regionmesterskap er eit flott tiltak som me håpar vil halda fram. For rally - sjå over. For spor sjå prøven vår på Nordfjordeid.

NM blodspor og NM rallylydighet 2018

Ingen hundar frå avdelinga starta i år.

Treningar



Apporttrening og rallytrening 21. april på Nordfjordeid


med Inger Handegård som ansvarleg i samband med at NKK NV hadde match show og kvelpeshow dagen etterpå. To medlemmer i området nytta seg av tilbodet og det var til saman 7 hundar som trea apport på ulike nivå. Etterpå var det rallytrening på området til Eid hundeklubb og medlemmer frå Eid hundeklubb var også invitert. Tre medlemmer med spaniels nytta seg av tilbodet og det var totalt 9 spaniels innpå bana. Sissel stilte med si fantastisk gode kake ☺ På kvelpeshowet dagen etter var det to spaniels, ein cocker og ein springer. På match showet deltok 3 spaniels, 1 cocker og to springere. Springer vart BIS både kvelp og vaksen!





Apport-trening i Gaupne 30. juni

Det møtte tre medlemmer med totalt 7 hundar og me hadde ein fin trening på land og i vatn. Litt anna enn berre apport på land og i vatn vart det også trent på.



Apport-trening 14. juli i Gaupne

Det møtte 6 medlemmer med heile 10 springere og ein jakt-cocker i alderen 4 mnd til 11 år på denne treninga og eit par hundar fekk prøve seg på apport av and for første gong.

Årsmelding Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane 2018



3 startande på
jaktanleggsprøven
- alle bestått!

Desperados Happy Me -
50 poeng

Desperados Golden Gun
- 50 poeng

Ostirana's Eastenders
Elli
- 43 poeng

Jaktanleggsprøve og apportprøve – ordinær – 8. august

Grunna uråd å få dommar på oppsett dato 24. august vart prøven i samråd med NKK flytta til 8. august. Me var svært glad for at velvillige grunneigarar stilte opp med terreng og at dommar Ellen Getz Wold kunne komme. Tre hundar var påmeldt JAL og to av desse var frå vår avdeling. Alle var springere og alle bestod prøven. To hundar var påmeldt apportprøve i BK og bestod denne. Fire hundar var påmeldt fellesklassen og ein bestod denne.



To starta i begynnerklasse apport - og begge vart godkjent;
Zelfas Batman og Desperados Finnwin. 4 startande i
fellesklasse apport - alle berga anda til land - men to gjekk i
kast og ein la anda 2,5 m frå førar og forlot den. Godkjent
vart jakt-cocker Bannockfield Elma.





Blodsporprøve på Nordfjordeid 9-10. juni med regionmesterskap 9. juni

Laurdagens prøve – som også var regionmesterskap for NKK NV - hadde 14 startande hundar - av desse 8 spaniels – alle springere og 1 cocker. Dømte gjorde Arve Nes og Kjell-Aage Birkeland. Det vart varmt og tørt og det vart delt ut 7 x 1. premie, 0 x HP, 1 x 2. premie, 2 x 3 premie og 3 x 0. Nr. 1 vart engelsk springer spaniel Mountjoy Relaxed Roxanne til Ann-Sophie Lindahl, Bøvågen. Nr. 2 labrador retriever 12 år gamle Gullsteinens Rambling Rose til Håkon og Gunhild Moe, Straume. Nr. 3 og ny champion vart pinscher Dijontoma's Alva til Stine Sanden, Mathopen. Engelsk springer spaniel Lykkehunden Ballint til Aksel Myklebust, Nordfjordeid, vart kåra til regionmeister i NKK nordvestlandet 2018. Dagen etter starta 12 hundar for dei same dommarane. Det vart delt ut 7 x 1. premie, 0 x HP, 3 x 2. premie, 1 x 3 premie og 1 x 0. Mountjoy Relaxed Roxanne til Ann-Sophie Lindahl, Bøvågen vart beste spaniel og nummer 3.



Reine familiefesten på sporprøven i Årdal; Nr. 1 Desperados Copper til Bente Brændshøj, Danmark (onkel til nr. 2 og halvbror til nummer 3), nr. 2 Sigve Eldøy med Zelfas On The Hunt (men er for ung for championatet enno) og Kjetil Haug med NVCH RL1 Zelfas Arn som vart champion denne dagen.

Blodsporprøve i Årdal 23. juni

Blodsporprøve nr. 3 i avdelinga si regi. Denne gongen på Seimsåsen i Årdal.
11 hundar starta på prøven. Det var 4 engelske springere, 4 labradorar, 1 tysk jakterrier, 1 basset griffon vendeen og 1 jack russel terrier. Til tross for litt regn siste veka var det vanskelege forhold med svært tørr vegetasjon, sau og ein del vilt i området. Det vart delt ut 5 x 1. premie - 3 av desse med HP, 3 x 2. premie og 3 x 0 premie. Dommar var Jarle Rogne og Jan Inge Skjerven.

NSK Sogn og Fjordane arrangerer bevegeleg blodspor- og fersksporprøve ut september 2018

Du må sjølv gjera avtale med ein av dommarane våre om tid og stad. Sjå liste under. Siste påmeldingsfrist er 15. september.
Du melder lettast på og betaler via Min side på www.nkk.no.
Gå vidare til påmelding prøve. Blodsporprøven har ref. nr. 26-18079 og perioden starta 1. mai. Fersksporprøven har ref. nr. 28-18075 og starta 1. juli

Dommarar:

Hilde Rotihaug, Nordfjordeid
mobil: 99 23 20 36
Torstein Solset, Førde
mobil 91568184
Elin Anita Gjerde, Leikanger
mobil 90 95 32 33
Inger Handegård, Gaupne
mobil 918 35 324
Arvid Solheim, Årdalstangen
mobil 91 68 07 68



Spaniels på utstillinga i Førde/Naustdal i oktober

Arrangør som vanleg Førde brukshundklubb. Det var påmeldt 24 vaksne spaniels (1 amerikanarar, 9 cockere, 1 clumber og 13 engelske springere) og 4 kvelpar (1 amerikaner og 3 engelsk springer). 20 springere er ny rekord, og springer var den mest talrike rasen på utstillinga. Av dei totalt 28 påmeldte spanielane er heile 18 busett i fylket. Dommar er Zoran Roknic som er busett på Eid. Spaniels gjorde det godt både i BIG-kvelp, vant BIG, BIS-3 veteran og BIS-oppdrettergruppe.



Adventskalender

7 medlemmer var med på adventskalenderen til avdelinga. Vant gjorde Laila Røneid med Hilde Rotihaug som nummer to og Elin-Anita Gjerde som nummer tre. Dei tre beste fekk premiar frå Canelana. Beste utanfor avdelinga var Ellen Getz Wold som fekk ei lita helsing i posten.

Hjelp til pelsstell/kurs

Ein springer har nytta seg av dette tilbodet i 2018.


NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis leiar for NSK's brukshundkomite

Inger Handegård er leiar i brukshundkomiteen, medan Ellen Getz Wold (Oslo/Akershus) og Wenche Randi Krogstad (Sør-Trøndelag) er medlemmer. BK har hatt eit par saker i løpet av 2018.

Bevegeleg blodsporprøve og fersksporprøve

I år har me hatt 18 startar på blodspor og 10 på ferskspor på bevegeleg prøve! Av desse er det 2 springere og 1 amerikaner med to startar på blodspor og 1 springer på fersksporprøve.

Avdelinga har, etter det me kjenner til, fått to nye godkjende ettersøksekvipasjer i år. Anders Aven med engelsk springer Desperados Highlander (Hero) og Ernst Inge Brugrand med amerikaner Fame. Dømt har Arvid Solheim, Elin Anita Gjerde, Arve Nes, Hilde Rotihaug, Torstein Solset, Birger Hogrenning og Inger Handegård.



**Nye spanielkvelpar i Sogn og Fjordane
– potensielle nye medlemmer til avdelinga**

Det er, etter det styret kjenner til, fødd eit spanielkull i fylket i 2018, eit kull med engelsk springer spaniel.

NKK sin registreringsstatistikk for 2018 er i skrivande stund enno ikkje klar

Nye champions i avdelinga i 2018:

- Utstilling:** **NUCH RL1 Zelfas Batman** til Laila Røneid
NUCH NVCH NRLCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin (Yksi)
til Inger Handegård
- Rallylydighet:** **NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel** til Laila Røneid
- Viltspor:** **NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel** til Laila Røneid
NORDVCH NUCH RL3 BH Desperados Zelda til Laila Røneid
NVCH RL1 Zelfas Arn (Aron) til Kjetil Haug

Spaniels i avdelinga som har fått nye mellomtitlar og andre titlar i 2018

- RL1 Fire'n Ice DareTo Dream** til Sissel Ytre Eide
NVCH RL1 Zelfas Arn (Aron) til Kjetil Haug
RL1 Desperados Happy Me til Inger Handegård

Årets mestvinnande i fylket 2018:

Det er medlemmene sjølve som har ansvar for å sende inn eigne resultat til årets mestvinnande. Nytt av året er det at det vert kåra vinner i alle greiner etter same system som sentralt – med unntak av årets utstillingshund. Styret plukkar ut vinner av årets debutant og junior frå bl.a. heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på offisielle arrangement og som også har vore aktive på klubben sine arrangement.

- Årets debutant:** **Anders Aven med Desperados Highlander**
Dei har gått til 1. premie på blodsporprøve, vorte godkjent ettersøkshund, vore med på utstilling med cert og BIM og var med på årsmøtet.
- Årets junior:** **Sondre Rotihaug Dalseth** som har gått til 1. premie på blodsporprøve med Fjordgløtts Birk og vore med på årsmøte.

Årets hundar i avdelinga. Dei fem beste er lista opp her. Fullstendig liste ligg på FB:

Årets allsidigkeitsspaniel:

- | | | |
|--|-----------------------|-------|
| 1: NUCH NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin | til Inger Handegård | 520 p |
| 2: NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel | til Laila Røneid | 500 p |
| 3: NSVCH RL1 Fjordgløtts Bonnie | til Elin Anita Gjerde | 230 p |
| 4: NUCH RL1 Zelfas Batman | til Laila Røneid | 200 p |
| 5: RL1 Desperados Happy Me | til Inger Handegård | 150 p |

Årets utstillingsspaniel:

- | | | |
|---|----------------------|-------|
| 1: NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin | til Inger Handegård | 280 p |
| 1: NUCH NVCH NRLCH BH Desperados Aya | til Inger Handegård | 280 p |
| 3: NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel | til Laila Røneid | 240 p |
| 3: NORD VCH NUCH RL3 BH Desperados Zelda | til Laila Røneid | 240 p |
| 5: RL1 Fire'n Ice Dare To Dream | til Sissel Ytre Eide | 220 p |

Årets lydighetsspaniel:

- | | | |
|--|---------------------|-------|
| 1: NUCH NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin | til Inger Handegård | 210 p |
| 2: NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel | til Laila Røneid | 90 p |

Årets rallylydighetsspaniel:

1: NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel til Laila Røneid	520 p
2: NUCH NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin til Inger Handegård	510 p
2: NORD VCH NUCH RL3 BH Desperados Zelda til Laila Røneid	510 p
4: NRLCH NVCH BH Desperados Xmilla til Inger Handegård	340 p
5: NSVCH RL1 Fjordgløtts Bonnie til Elin Anita Gjerde	250 p

Årets brukshund NBF:

1: NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel til Laila Røneid	90 p
2: NUCH NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin til Inger Handegård	70 p

Årets sporspaniel:

1: NUCH NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin til Inger Handegård	120 p
2: Desperados Highlander til Anders Aven	90 p
3: NUCH RL1 Zelfas Batman til Laila Røneid	70 p
4: NSVCH RL1 Fjordgløtts Bonnie til Elin Anita Gjerde	60 p
4: NORDVCH NRLCH RL3 BH Zelfas Ariel til Laila Røneid	60 p


Årets jaktspaniel:

1: NUCH RL1 Zelfas Batman til Laila Røneid	50 p
1: NUCH NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin til Inger Handegård	50 p
3: RL1 Desperados Happy Me til Inger Handegård	40 p

Alle vinnarar med poengsum 100 p eller meir får eit gávekort på kr. 200 frå avdelinga som må brukast på avdelinga sine arrangement fram til neste årsmøte. Alle vinnarane får ei gratulasjon i spalta vår i Våre Spaniels. Alle på pallen (topp 3) får ein presentasjon på heimesida og på FB sida til avdelinga.

Ny dommar/instruktørar:

Ingen nye i 2018.



Dette er me gode til i avdelinga vår:

- *Få til variert aktivitet*
- *Arrangere offisielle arrangement som blodspor, jaktanleggsprøve og rallylydighet*
- *Dugnadsånd!*
- *Ha god stemning på arrangementa våre*
- *Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover*
- *Finna løysingar på praktiske problem*
- *Oppnå resultat*
- *Ha god økonomistyring*